

## TUR TIL RHINDALEN 1.-5.SEPTEMBER 2024

1.sept. møtte 13 personer i postpensjonistgruppa (med venner) på Flesland. Der vart me møtt av reiseleiar Elbjørg og vart saman med resten av gruppa slusa gjennom sikkerhetskontrollen til flyet som tok oss til Frankfurt. Utanfor flyplassen venta buss som kjørte oss til Rüdesheim der me vart installert på Hotell Felsenkeller. Me var 37 personar i reisegruppa vår, dei fleste pensionister frå Vestland.



***May Britt, Tone, Ingrid og Knut nyt sol og utsikt.***

Den første dagen hadde me felles middag på hotellet, etterpå vart det tid til å rusla rundt i Rüdesheim som er ein koselig liten by med ca. 10 000 innbyggjarar, mykje blomster, trange gater og trivelige små spisestader.



***Rüdesheim***

**Dag 2** kjørte me langs Rhinen, me stoppa på Loreley-klippen, utsiktspunkt over ein svingete del av Rhinen og fekk høyra sagnet om Loreley. Det var fascinerande å sjå all lektertrafikken på elva, alle slotta på høydene over småbyane, alle dei flotte vinmarkene langs elva, i det heile mykje å sjå på undervegs. Turen for vidare til Koblenz, ein universitetsby med ca 114 000 inbyggjarar. Det var på tide med lunsjstopp og me fann skygge i ein Bierstube og åt lunsj der. Etterpå tok Eldbjørg oss med til Deutsches Ek, i landtunge der elva Mosel renn ut i Rhinen. Der er det oppført ei kjempestor rytterstatue av keiser Wilhelm 1. Me delte oss i smågrupper og rusla rundt i byen før det var tid for å setja seg på bussen og returnere til hotellet.



### **Rhinen**

**Dag 3** var det fridag, dvs. ikkje noko bestemt program, me kunne rusla rundt i Rüdesheim, ta båttur på elva osv. Dei fleste tok banen som sveva over vinmarkene bak hotellet og opp på åsen, ca 300 meter, der beundra me eit digert monumment, Germania, før me vandra videre i vakker lauvskog 3km til neste stolhei som tok oss ned til nabobyen, Assmannshausen. Ein del av oss hadde ikkje prøvd stolhei før og det vart lått og løye når me gjennomgjekk hendinga om kvelden. Etter ein lett lunsj tok me båten tilbake til Rüdesheim, veldig fin rundtur. Vel tilbake var det vinスマking hos Georg Breuer, der fekk me mykje info og smakte på forskjellige viner.

**Dag 2 og 3** åt me middag på egenhand og fann oss ein trivelig spiseplass i gågata Drosselgasse, med levande musikk og typisk tysk mat.

**Dag 4** starta me tidlig. Turen gjekk først langs andre sida av Rhinen og til Koblenz, forsette videre langs Mosel og til Cochem, ein koselig liten by som er kjent for sine gode kaker og vakre hus. Her stoppa me ca 2 timer, mange kjøpte kaker og kaffi og andre handla i gågata.



### **Bernkastel-Kues**

Turen gjekk vidare langs Rhinen til Bernkastel-Kues, kjent for sine vakre bindingsverkhus, me rusla på egen hand og fekk god tid å eta lunsj.

Tilbaketuren gjekk på motorvei og me kryssa Rhinen med ferje tilbake til Rüdesheim. Dette var siste kveld og felles middag på hotellet. Neste morgen starta me tidleg på tilbaketuren til flyplassen, etter ca.to timars flytur var me på Flesland og tok farvel med heile gjengen i reisegruppa.

Fin tur, reiseleiar Eldbjørg var dyktig, det var passeleg variasjon i fellestur, og tid på egenhand, trivelig hotell med sentral plassering. Me var samde om at det var veldig behagelig å bu på samme hotellet 4 netter.

Me vart kjent med mange trivelige menneske. **Dag Aasbø Travel** kan anbefalast. Det vart litt gåing på turen fordi me besøkte gamle byar der bussen stoppar utenfor gamlebyen. Nokre av turdeltakarane brukte stavar. Det var også høve å setje seg ned og ikkje følgje heile turen.

ref.mariann